

Ulvik Cittaslow



Referat møte Cittaslowrådet 5.04.2022 kl 19 – 21.00

Heradsstyresalen på Haugesenteret

Desse møtte:

Frå Ulvik herad: Mona H Hellesnes

Frå landbruk: Stein Olav Kolås

Frå kultur: Haugesenteret - Geir Netland (rådsleiar)

Frå oppvekst: Ulvik barnehage – Sonja Haugland

Frå politikk: Hanne Li

Frå Undervisning: Brakanes skule – Rigmor Hansen, Hardanger produksjonsskule – Håkon Gjerde

Frå næringsliv: Ulvik næringslag – Anders Kristoffer oppheim

Frå frivillige lag og organisasjoner: Ulvik idrettsråd – Hulda R. Thorbjørnsen, Ulvik bygdekvinneklag – Solgunn Wiik Bjørke

Frå Ulvik ungdomsråd: Johanna Hjeltnes og Simen Bakkan

Forfall: Slowfood Hardanger - Jorid Lekve Eide

Saksliste

1. Deltaking Cittaslow Norden-nettverk i Svendborg, Danmark, 18. – 20. mai

Ulvik formannskap har vedtatt at vi skal söke om vertskap for nordisk samling i 2023, og då bør vi reise fleire på den nordiske samlinga i Svendborg i mai. Ordførar og sekretær må delta, og det er naturleg at leiar deltek i tillegg. Det kom fleire innspel i møte om deltaking på ein ekstra deltakar i tillegg, slik at Ulvik er representert ved fire personar.

Innspel til program som kom i møtet:

- Hjeltnes m fagskule og produksjonsskule, mat
- Reiselivsbygda
- Hauge m/Rossvoll og Haugesenteret
- Barnehage og uteprosjekt fiske/Gauro
- Gartnerisatsing
- Ny aktivitet i Bruravik
- Holmen kulturpark
- Frukt- og siderruta

Vedtak:

1. *Leiar og sekretær får fullmakt til å avklare ein fjerde deltakar basert på innspela i møtet.*
2. *Det vert sett ned ei arbeidsgruppe med leiar, nestleiar og sekretær som utarbeidar søknad med presentasjon og førebels program for nettverkssamling i Ulvik i 2023.*

2. Sertifisering av verksemder:

Det har komme inn tre nye søknader om cittaslow-sertifisering, men det var ikkje tid til å legge fram instilling om godkjenning til dette møtet.

Innspel i møtet:

- Veldig bra at fleire vil bli Cittaslow-sertifisert. Rådet må vurdere å arrangere temamøte (frukost, kveld, eller liknande) som bidreg til vidare arbeid som Cittaslow-bedrift.

Vedtak:

- *Leiar og sekretær får fullmakt til å vurdere og godkjenne søknadane, og lage eit arrangement med utdeling av sertifikat.*

3. Plassering av Cittaslow-skilt i bygda

Leiar og sekretær har laga eit forslag til plassering av 9 av dei skilta som er kjøpt inn for å synleggjere Cittaslow betre lokalt. Alle forslaga er basert på synlegheit lokalt, og plassering på offentlege bygg. Jorid L Eide vil laga skisser for plassering slik at skilta passar inn på kvart bygg.

4. Ryddedagar i starten av mai

Barnehage og skule legg opp til ryddedagar i veke 18. Dei gjennomfører rydding som tidlegare år, med barnehagen i skogen og langs Gauro. Dei melder tilbake til næringslaget kvar dei har vore.

Næringslaget i samarbeid med Cittaslowrådet legg opp til ryddedag i sentrum laurdag 7. mai, og vil servere kaffi/saft og bollar på turistkontoret. **Bli med alle som kan!**

Hardanger produksjonsskule og Ungdomsrådet informerte om den store satsinga «ryddefjorden», som skal gå kvar haust dei neste fem åra i heile Hardanger, og som har fokus på innsamling av plast og anna avfall i sjø. Produksjonsskulen rydder til vanleg ein heil del når dei er ute med båt for fiske eller anna aktivitet i sjø.

5. Utviding av poetiske stoppestader

Frukt- og siderruta har tatt initiativ til ei utviding av Haugesenteret sitt prosjekt «Poetiske stoppestader». Dette er Haugesenteret positive til, og Nynorsk kultursentrums vil finansiere denne utvidinga. Heradet vil bidra med eit informasjonsskilt om turar, landskap og historien til staden ved den gamle gravplassen i Prestagarden.

6. Status reiselivsstrategi for Ulvik

Reiselivssjefen informerte om innspel frå næringsaktørar, politikarar og andre. Det var ope møte 4. april, der førebels utkast og resultat av innspela so langt vart presentert. Om lag 25 personar deltok. Strategien skal handsamast poltisk i formannskap og heradsstyre i mai og juni.

7. Nytt frå heradet

Sekretær informerte om følgjande:

- Formannskapet har gjort vedtak om busetting av inntil 25 flyktningar, i samband med flyktningekrisa knytt til krigen i Ukraina. Ein privatperson har søkt IMDi om oppretting av akuttmottak, men so langt er ikkje det aktuelt.
Det vert jobba aktivt med å førebu busetting, med avtalar på bustad og planar for skule, barnehage og helse.
- Ordførar og næringssjef har gjennomført tilflyttartreff 24. mars, med 15 deltakarar. Dei som er under 40 år og har komme til bygda dei siste 3 til 4 åra var særskilt inviterte. Det er viktig at vi veit kvifor vi får yngre tilflyttarar og høyrer på kva dei er nøgde med, og mindre nøgd med. Det er eit godt grunnlag for å rekruttere fleire.
Drøfting i møtet om kva vi kan få til av løysing for informasjon om alle fritidstilboda som finnes i bygda.
- Ordførar, rådmann og næringssjef har hatt møte med dei større overnattings- og serveringsbedriftane i bygda, og oppmoda til ei felles satsing for å bygge opp igjen reiselivet etter pandemien. #restartreiselivulvik

8. Open post

- Bygdekvinnelaget informerte om at dei ønskjer å etablere ein «gratisbutikk» for flyktningar dersom det blir behov. Dei har meldt inn tilbodet til heradet, og vil bli kontakta når ein veit meir om tidspunkt for ankomst av flyktningar.
- Idrettsrådet informert om at planlegging av «Våg deg med»-dagen 28. august er i gang, og det vil bli fleire tilbod i år. Dei har mellom anna to store arrangementstelt frå «Ildsjelfondet», som vil bli nytta i år. Tips: - sjå filmar frå Breim IL om aktivitetar.
- Bondelaget informerte om dei store utfordringane ein har i landbruket grunna hacking av Nortura sine datasystem i fjor. Det er framleis veldig mykje som må gjerast manuelt. I tillegg er prisauken på gjødsel og straum noko som råkar landbruket hardt.

Neste møte blir 31. mai kl 19. Det er sendt ut kalenderinnkalling.

Referent:

Mona H Hellesnes

Sekretær Cittaslowrådet